



Bergen kommune
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 03.02.2015
Vår ref.: 2014/24011-10
Saksbehandlar: sigbjer
Dykkar ref.: 201423440

Fråsegn til planprogram for reguleringsplan - Bybanen til Fyllingsdalen - Delstrekning 1 og 3, og Kommunedelplan for kollektivsystem sentrum- Bergen vest - Bergen kommune

Vi viser til brev datert 27.11.2014 om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen, delstrekning 1.med planprogram.

Saka var handsama i fylkesutvalet - 29.01.2015, i Samferdselutvalet 21.01.2015 og i Kultur- og ressursutvalet 23.01,2015. Kommunedelplan for kollektivsystemet mellom sentrum og Bergen vest vil ha vesentleg interesse for reguleringsplanane for Bybanen, planane blei derfor lagt fram som ei samla sak.

Likelydande brev vert sendt som fråsegn til dei tre planprosessane.

Fylkesutvalet vedtok følgjande:

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at arbeidet med ein kommunedelplan for kollektivsystem mellom Bergen sentrum og Bergen vest startar opp.
 - Fylkeskommunen tilrår planprogrammet.
 - Fylkeskommunen ber om at nabokommunane i vest også blir trekt inn i analysar og planarbeidet.
 - Kommunedelplanarbeidet må i tidleg fase leggje vekt på å avklare behov for areal i sentrum til Bybanen, strekning Sentrum til Fyllingsdalen via Mindemyren.
 - Det må leggest vekt på potensiale for byutvikling i tilknytning til dei ulike korridorar.
 - Utgreiinga bør vurdere korleis landskap og kulturminne vert påverka, og i særleg grad gjeld dette Bergen sentrum.
2. Hordaland fylkeskommune legger vekt på kontinuerlig utbygging og støttar oppstart av reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen.
3. Planprogrammet gir eit godt grunnlag for vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen. Hordaland fylkeskommune støtter val av trase til Fyllingsdalen via Haukeland og Mindemyren, og er samd i silinga som er vist i planprogrammet.
4. For delstrekning Nonneseter – Mindemyren ber vi om at følgjande vert vektlagt:
 - Funksjonen til Bergen busstasjon som nasjonalt knutepunkt.
 - Haukeland universitetssjukehus som målpunkt og bytepunkt.
 - Jernbanen sitt areal langs delstrekninga.
 - Senterutvikling.

- Traséalternativa kan kome i konflikt med viktige regionale og nasjonale kulturminneinteresser på delstrekninga frå Fløen til Haukeland og planarbeidet må legge særleg vekt

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vedlagt er fylkesrådmannen sitt samla saksframlegg for dei tre planarbeida.

Sigrid Næsheim Bjercke
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Solveig Mathiesen

Statens vegvesen - Region Vest Askedalen 4 6863 LEIKANGER